AKUTTE SITUASJONAR

Når du har grunn til å tru at barn/unge er utsett for vald og overgrep, har du avverjeplikt og opplysningsplikt:

- **Ved fysiske skader**
- **Ved symptom på psykisk vald**
- **Ved alvorlege trugslar**
- **Ved mistanke om seksuelle overgrep**
- **Når barnet viser redsel for å gå heim**
- **Når barnet blir henta av rusa foreldre**
- **Negativ sosial kontroll**
- **Ved mistanke om nært førestående eller gjennomført kjønnslemlesting eller tvangsekteskap**

Du skal umiddelbart og utan hinder av teieplikta melde frå til politi og barnevernstenesta

Alle har etter § 196 i Straffeloven plikt til å hindre at alvorlege straffbare handlingar skjer. Dette er ei individuell plikt som gjeld alle til ei kvar tid. Avverjeplikta går alltid føre lovpålagt teieplikt.

Ved mistanke om vald eller overgrep mot barn/unge i heimen skal IKKJE foreldre/føresette kontaktast.



Telefonnummer - akutt hjelp
Politi: 112/02800
Barnevern: 900 63 350 (dagtid)
915 32 510 (utanom kontortid)
Legevakt: 116 117
Krisesenter Vest: 52 72 98 84
Overgrepsmottak:
469 29 130/52 73 20 00

BOKN
KOMMUNE

Kva gjer du

VED MISTANKE OM VALD OG SEKSUELLE OVERGREP MOT BARN OG UNGE?





SJÅ

- **Sår og blåmerke**
- **Brann- og kuttskadar**
- **Søvn- og etevanskar**
- **Endring i åtferd og /eller sinnstemning**
- **Uroleg, irritabel, konsentrasjonsvanskar**
- **Sosial tilbaketrekking**
- **Svært kontaktsøkande eller avvisande**
- **Hyppige legebesøk**
- **Bruk av rusmiddel**
- **Set seg imot innsyn i familien**

Vald kan ha mange ansikt, den kan vere fysisk, psykisk, seksuell eller handle om omsorgssvikt.

Å vere vitne til vald kan ha like alvorleg effekt som sjølv å bli utsett.

SPØR

Skap ein trygg situasjon slik at du kan spørje kva som har skjedd.

Start gjerne samtalen med:
Eg har lagt merke til at...

Beskriv det du ser:

- Du verkar trøytt/sint/lei deg
- Eg ser at du har blåmerke på armen
- Det verkar som du ofte har vondt i magen

Still opne spørsmål, ver nysgjerrig og utforskande på det som vert sagt.
Vis at du bryr deg og har tid til å lytte.

Avklar:
Barn /ungdom kan brått og uventa fortelje om hendingar heime. Dersom forteljinga gjer at du mistenkjer vald eller overgrep, skal barnevernstenesta eller politiet konsulterast straks.

Inviter deretter barnet/ungdommen til ny samtale i rolege omgjevnader:

- Det du sa tidlegare i dag, kva meinte du då?
- Eg var ikkje der, så fortel så godt du kan...
- Kva skjer vidare då?

La barnet/ungdommen fortelje seg ferdig, du treng ikkje stoppe samtalen og gå inn i detaljar.

Synleggjer at det barnet/ungdommen har fortalt er viktig. Forklar at du må snakke med andre vaksne om det som er blitt fortalt.

KVA GJER DU?

Skriv ned det du ser og det som blir fortalt så ordrett som mogeleg.

Rådfør deg med politi, krisesenter eller barnevernstenesta. Saka kan drøftast anonymt.
Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seie at «magekjensle» er tilstrekkeleg.

Du kan også drøfte saka med helsesjukepleiar eller andre som kjenner barnet / ungdommen.

Tilsette i Bokn kommune skal informere leiar om bekymringa og lage ein plan for vidare handtering.

Send bekymringsmelding til barnevernstenesta i Karmøy/Bokn.

